

Høyringsvar frå Oppland Bygdekvinnelag

Vi har hatt ute på høring til alle 36 lokallaga i Oppland og fått 18 svar.

Grunna i geografien vil i hopslåing gje lengre reiseavstander til ulike arrangement.

Det er stor variasjon i dei ulike svara frå laga.

For oss er det viktigaste å ha aktive lokallag og at vi har ein oppstrøms organisasjonsmodell der det er lokallaga og medlemmane sin ynsjer og behov som skal vera styrande for aktiviteten.

Dette er eit samandrag frå høringa i Oppland fylke.

SPØRSMÅL SOM VI ØNSKER SVAR PÅ:

- **Hvilke argumenter taler for og imot endringer i fylkesstruktur i Bygdekvinnelaget**
 - Mot: Lengre reiseavstander og auke i kostnadane i samband med dei ulike arrangementa frå utkantane t.d. til årsmøte.
Ikkje lett å få med folk på møter/arrangement langt unna i dag, og dette vil ikkje bli lettare med ein større region.
Bruk av tida vår er eit viktig argument der.
 - For endringer i fylkesstrukturen: Det er nå vi har mulighet til å sjå på organisasjonsstrukturen, slik det fungerer nå og korleis vi ynsjer det i framtida.
- **Hvor stor kontakt har vi med fylkeskommunen og fylkesmannen?**
 - Liten grad. Kun i forhold til søknader om økonomisk støtte.
- **Skal vi gjøre endringer for å tilpasse oss det offentlige?**
 - Vi treng ikkje det.
Eit eksempel er når i eit lag med medlemmar frå fleire kommuner/fylkeskommuner søker støtte i dag, kan dei søke støtte i alle dei kommunane dei har medlemmar i frå.
- **Og i så tilfelle? Hva er økonomiske og praktiske konsekvenser?**
 - Vi ser få eller ingen konsekvenser.
- **Hvordan fyller vi vår rolle som fylkeslag? Kan det gjøres på en annen og bedre måte om vi endrer oss?**
 - Etter ei bestilling frå årsmøtet har fylkesstyret laga ein arbeidsinstruks for korleis regionkontaktane i OBK skal arbeide ut mot lokallaga.
Dette meiner vi vil kunne fylle rolla vår på ein betre og meire tilfredstillande måte.

Den endringa vi har gjort vil vi skal gå seg til og at vi kan evaluere den og sjå på vidare grep framover.

Må bruke god tid på denne prosessen.

- **Hva gjør den økte geografiske avstanden med et fylkeslag om det blir større?**
Allereie store avstander i fylket er ei utfordring nå det gjeld oppmøte på t.d. årsmøte. Alle høringssvar gjev uttrykk for at større fylkeslag gjev lengre reiser, økt tidsbruk og økte kostnader. utfordringar med å få folk til å stille opp i ulike verv.
- **Hva gjør andre organisasjoner vi samarbeider med og behøver vi tilpassing til dette?**
Bondelaga i Oppland og Hedmark slår seg saman frå 2020 til Innlandet Bondelag. Bygdeungdomslaget er i høyringfasa nå i regi av NBU.
Vi må sørge for representasjon hjå kvarandre for å arbeide for felles saker.
- **Skal det kunne gjøres endringer i hvilke bygdekvinnefylkeslag et lokallag skal tilhøre? I så fall på hvilke måte?**
Vi meiner at dette må lokallaga bestemme sjølve.
(Eit eksempel er vi eit lag med medlemmar frå fleire kommuner/fylkeskommune søker støtte i dag , kan dei søke støtte i alle dei kommunane dei har medlemmar i frå.)
- **Skal det hete fylkeslag om vi velger å ikke forholde oss til de offentlige grensene?**
Ja
- **Hvis nytt,hva skal det hete? For eksempel Trøndelag Nord Bygdekvinnelag?**
Innlandet Bygdekvinnelag, region Oppland.
T.d. Områdekontakt kan bli det nye namnet på fylkesstyret sin regionkontaktfunksjon.
- **Hvilke konsekvenser vil en offentlig sammenslåing gi fylkeslagene i Bygdekvinnelaget?**
Vi ser få eller ingen konsekvenser.
- **Har dere andre innspill som dere ønsker å komme med til saken som vi ikke har nevnt over?**
Vi har 4 lag (av dei 18 som sendte inn svar) som vil legge ned fylkesleddet i Bygdekvinnelaget, samt 2 som er åpne for det. Desse laga ynsjer regioninndeling med direkte kontakt til NBK. Nokre av svara beskriver ulike organisasjonsmodeller.

To lokallag har før denne høyringa vart send ut, send eit notat åt NBK og leiar i OBK, og som sak til årsmøtet i OBK der dei ynsjer å leggje ned fylkesleddet, Dei skriv at Oppland td kan vera eit prøvefylke på korleis bygdekvinnelaget kan organiserast uten fylkesleddet. Vi rekner med at dette notatet blir handsama av NBK vidare td på fylkesleiersamling

Styret i Oppland Bygdekvinnelag Lillehammer 4.5.2019